



Kommunedelplan for oppvekst

Innspel frå referansegrupper
våren -21



ALVER
KOMMUNE



Innhold

Innleiing og metode	2
Hovudtema i dette dokumentet.....	3
Tema 1: Trygg oppvekst	4
Tema 2: Likeverdig og god opplæring	6
Tema 3: Helsefremjande oppvekst.....	8
Tema 4: Tilhøyrslø til nærmiljøet.....	10
Innspel som er relevant for andre planar:.....	12



kommunale barnehagar og skular, styrarar i kommunale og private barnehagar og rektorar i grunnskulane i Alver.

Det har vore stort engasjement og aktiv deltaking i desse møta, og deltakarane har kome med viktige og relevante innspel for vidare planlegging.

Tusen takk til alle som har kome med innspel!

Hovudtema i dette dokumentet

Innspela som er kome fram i samband med verknadsprosessen for kommunedelplan oppvekst, er delt inn i fire tema:

- Trygg oppvekst
- Likeverdig og god opplæring
- Helsefremjande oppvekst
- Tilhøyrse til nærmiljøet

Innspela blir presentert etter denne strukturen, og saman med andre styringsdokument og prioriteringar vil det utgjere eit kunnskapsgrunnlag for kommunedelplanen. Som ein raud tråd i arbeidet med planen, tar vi utgangspunkt i FN sine berekraftsmål og barnekonvensjonen. Barnekonvensjonen byggjer på hovudprinsippa om å ikkje diskriminere, ta omsyn til barnets beste, barn sine rettar til overleving og utvikling, samt barn sine rettar til å uttale seg og bli høyrd.

I tillegg har vi samla innspel som er relevante for andre planar kommunen skal utvikle, under temaområde Innspel som er relevant for andre planar. Vonar vi med dette er med på å sikre at gode innspel blir tatt med i vidare vurderingar.



Tema 1: Trygg oppvekst



Ut frå svara på undersøkinga til innbyggjarane knytt til samfunnsplanen, veit vi at ein stor del av innbyggjarane i Alver kommune trivst godt i sitt nærmiljø, og dei opplever at kommunen er ein trygg og god stad å leve og bu i.

Frå medverknadsmøta knytt til kommunedelplan for oppvekst, har vi fått innspel om styrkar og utfordringar i høve til temaområde Trygg oppvekst. I det følgjande vil vi skildre innspel som kom fram i desse møta.

Trygg oppvekst – styrkar

Nærmiljø – Desentralisert busetjingsmønster i kommunen er med på å byggje trygge lokalsamfunn. Innbyggjarane kjenner kvarandre og bryr seg om kvarandre. Trygt og godt for barna å gå i mindre barnehagar og skular. God dugnadsånd i lokalmiljøa.

Aktivitetstilbod – Barn og unge har eit godt fritidstilbod i kommunen, kulturskulen, idrett og korps særleg vektlagt. Positivt med nærleiken til naturen, grønne lungar og eit rikt turtilbod, fjell, fjord, kulturlandskap. Symjeopplæringa startar tidleg, allereie i barnehagen for ein del. Gode uteområde ved ein del av barnehagane og skulane.

Satsing på barn og unge – Positivt med miljøterapeutar i skulen. Bra at PPT og helsesjukepleiarar er tett på skulen, til dømes i ressursteam. Satsinga med DUÅ (Dei Utrulege Åra) og IBS (Inkluderande barnehage- og skulemiljø) i barnehage og skule er veldig bra for å utvikle trygge miljø. Etablering av samarbeids- og nettverkskontakt i barnevernet har vore positivt. Salto er ein positiv ressurs for ungdom. Arbeidet med MOT er viktig. Positivt at kommunen byggjer nye barnehagar og skular. Ungdommane opplever at vaksne ønskjer å vere tilgjengelege og at dei bryr seg.



Kompetanse og tilbod – Høg kompetanse i tenestene. Høg kvalitet i barnehagane, mykje godt arbeid over lang tid, positivt med felles program/satsingar. God deltaking i kompetansetiltak, engasjerte medarbeidarar. Stort fagmiljø i Alver, godt samarbeid på tvers av tenester. Positivt at Helsehuset er ferdig, kan samle fagmiljø rundt barn og unge (tidleg og koordinert innsats). Positivt samarbeid mellom biblioteka og barnehage/skule.

Trygg oppvekst – utfordringar (rom for forbetring)

Utanforskap – Det er vanskeleg for dei som fell utanfor i mindre miljø. Behov for å etablere tydelegare arena for lågterskel foreldrerettleiing. Ungdom i dag er strenge med seg sjølv og andre, det er lite rom for å gjere feil.

Fritidstilbod – Bør ha tilbod om fleire idrettar, mykje fokus på fotball og korps. Bør sikre gode lokale for kulturskulen ute i distrikta. Fotballen blir sentralisert (treningar i Knarvik) for tidleg. Ønskje om skatepark, frisbee-golf og sandvolleyball fleire stader. Ønskjer fleire symjehallar opne for publikum, til dømes Rosland og Ostereidet. Dei unge manglar møteplassar under tak, og alternativet blir å henge i sentra, ønskje om fleire møteplassar og vid opningstid (også i helgane). Behov for å sikre tilgjengelege vaksne for barn/unge også i fritida, samanheng skule-fritid.

Tidleg innsats og rettleiing – Større behov for vaksne å snakke med i skular enn tilgjengelege miljøterapeutar og helsesjukepleiarar i dag. Behov for å styrkje helsejukepleiarressursen i skulen samt helsestasjon for ungdom. Kommunen bør etablere ein SLT-koordinator (Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande Tiltak) samt eit lokalt rusteam. Behov for å førebyggje og følgje opp vald i nære relasjonar. Det er eit potensiale for forbetring i høve til informasjon om tilgjengelege tilbod i regi av kommunen.

Skuleveg og kollektivtilbod – For mange vegstrekkjer med farleg skuleveg. For dårleg kollektivtilbod ut i kommunen, barn og unge avhengig av at foreldra kan køyre, ikkje busstilbod i feriar (bussrutene følgjer skuleruta).



Tema 2: Likeverdig og god opplæring



I medverknadsmøta har vi møtt innbyggjarar, tilsette og samarbeidspartar som alle er opptatt av at kommunen skal tilby barn og unge gode barnehagar og skular. Barn og unge er ulike, kjem frå ulike heimar og har ulike behov. Vi har fått innspel om korleis ta i vare den einskilde, grupper av barn og unge, samt korleis arbeide for å kompensere for dei skilnadene som er mellom barn og unge sine vilkår for opplæring og utdanning i kommunen. I det følgjande vil vi skissere innspela som kom fram.

Likeverdig og god opplæring – styrkar

Kvalitet og kompetanse – Høg kompetanse i tenestene i kommunen. Fokus både på å utvikle og dele kompetanse. Tilgjengelege vaksne for barn og unge, positivt med miljøterapeutar og helsesjukepleiarar i skulen. Unge ønskjer vaksne i nærleiken og opplever at dei vaksne er interessert og lyttar. Flike og dedikerte tilsette, får gjort mykje. Stor innsatsvilje frå kommunen si side. Godt samarbeid barnehage og skule.

Språkarbeidet i barnehage og skule – Positivt med felles satsingsområde, sikrar likeverdig tilbod og erfaringsdeling på tvers.

Satsinga på DUÅ og IBS – Felles utviklingsområde sikrar felles eigarskap til satsinga og bidrar til kollektiv læring. Viktige område for utvikling, skal sikre rettane til barn og elevar.

Demokrati og medverknad – God involvering av elev- og ungdomsråd. Fokus på barnet si stemme i barnehage og skule. Kort veg mellom folk og styre. Positiv arbeidsform i samband med denne medverknadsprosessen.



Likeverdig og god opplæring – utfordringar (rom for forbetring)

Bemanning – Opplever at behovet er større enn tal tilsette i barnehagane, burde vore krav om at bemanningsnorma var dekkande i heile opningstida, ikkje berre delar av dagen. Utfordrande med kutt i tilsette i tenestene under oppvekst. For mykje fokus på økonomi, og for lite debatt om kvalitet. Ressurssituasjonen private versus kommunale barnehagar og skular.

Tidleg innsats – Plantida i barnehagane bør dekkjast inn med vikar, slik det var i Radøy. Treng fleire hender. Stort fokus på det allmennpedagogiske, at fleire behov skal stettast innafør det ordinære. Stort behov for tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp i barnehage. Høg del av elevar i kommunen som får spesialundervisning. Ønskjer organisering av støttepedagogar plassert i den einskilde barnehage.

Støtteapparat rundt barnehage og skule – Ønskjer eit team for støtte til avdelingane i barnehage- og skulemiljøsaker. Ønskjer kanal for å søkje rettleiing i vanskelege saker.

Fleire yrkesgrupper inn i skulen – Treng fleire miljøterapeutar i skulen.

Digitalisering – Bør kunne kommunisere digitalt med heimane, ikkje ha «ranselpost». Utfordrande at personvernssikkerheit hindrar bruk av kommunikasjonsløyising i Vigilo. Behov for å jobbe kollektivt med digitalisering i barnehagen. Risikovurderingar og arbeidet med databehandlaravtalar tar tid.

Samarbeid med private barnehagar og skular – Ønskje om formell kanal for informasjon, vite kven ein skal stille spørsmål til, t.d. eigar/mynde barnehage.



Tema 3: Helsefremjande oppvekst



Alle barn og unge har rett til gode levevilkår, inkludert eit trygt og godt miljø i barnehage og skule. Tilsette i oppvekstsektoren har eit felles ansvar for å fremje helsa, trivselen, leiken og læringa til barn i barnehagar og skular. I medverknadsmøta var barn og unge si helse og utvikling eit viktig samtaleemne, og vi presenterer her innspela som er kome inn.

Helsefremjande oppvekst – styrkar

Kvalitet og kompetanse – Vaksne som er tett på barna, tilgjengelege i situasjonen, barn/unge som søker vaksenkontakt. Unge som opplever vaksne som ei støtte i høve til eiga utvikling og samhandling med jamaldrande. Stort fokus på helsa til barn og unge med familie.

Arena for deltaking og fellesskap - Positivt at nesten alle barn går i barnehage. Felles måltid (smørjemåltid eller varm mat) i barnehage er med på å utjamne skilnader, alle er likeverdige, et den same maten, barna får smake anna mat enn den dei får servert heime. Desentralisert fritidstilbod er positivt, fleire kan delta. Nærskulen viktig for bygda og fellesskapet i nærmiljøet.



Helsefremjande oppvekst – utfordringar (rom for forbedring)

Utanforskap og einsemd – For stor del av barn og unge som er einsame, kanskje også familiar med lite nettverk. Har for få uformelle møteplassar for ungdom og familiar.

Bemanning – Opplever større behov for oppfølging enn det ressursane gir rom for. Behov for fleire helsesjukepleiarar og miljøterapeutar i skulen.

Tidleg innsats – Kome tidleg på bana når ein familie får problem, ha fokus på barna sine behov når foreldra er sjuke. Behov for å koordinere teneste i større grad enn vi gjer i dag, helse - psykiatri – barnehage - skule. Behov for tettare oppfølging av unge vaksne og minoritetsspråklege. Tenestetilbodet i kommunen er for oppdelt i dag, det tar for lang tid å kome i kontakt med rette instans, t.d. grensa mellom oppvekst og unge vaksne.



Tema 4: Tilhørsle til nærmiljøet



Dei fleste alverbuar som har svart på undersøkinga (knytt til samfunnsplanen) til kommunen trivst med å bu i kommunen. Trivsel blir framheva som ein sentral faktor i eit godt nærmiljø. Mange meiner at fritidstilbod for barn og unge, gode skular og barnehagar, at ein kjenner seg trygg, gode naboar, venskap, møteplassar, kollektivtilbod, natur- og friluftsområde og kort veg til det dei treng i kvardagen, bidrar til trivsel og eit godt nærmiljø. I det følgjande vil vi skildre innspel som er kome inn i høve til deltaking og å høyre til i nærmiljøet.

Tilhørsle til nærmiljøet – styrkar

Kvalitet og kompetanse – Samarbeids- og nettverkskontakt i barnevernet vore til god hjelp.

Økonomi – Sommaraktivitetar og open hall positivt. Ungjobb og BUA tilsvarande. Positivt med nasjonal satsing på låginntektsfamiliar, innføring av redusert foreldrebetaling barnehage og SFO, gratis kjernetid i barnehage. Positivt med tiltak som sikrar fleire barn, unge og familiar høve til å delta, uavhengig av økonomisk situasjon.



Tilhøyrslø til nærmiljøet – utfordringar (rom for forbetring)

Samarbeid – Foreldra kjenner kvarandre for dårleg, bør ha stort fokus på å byggje sterke foreldregrupper i barnehage og skule. Familiar som flyttar til kommunen kan oppleve vanskar med å «kome inn i miljøet», særleg vanskeleg for minoritetsspråklege.

Økonomi – Færre barn i SFO grunna høg kostnad. Barn som ikkje deltek grunna familien sin økonomiske situasjon. Deltaking i fritidsaktivitetar som «kostar pengar», barn og unge fell utanom.



Innspel med relevans for andre planar:



Landbruk og byggjeløyve

Fleire ønskjer å drive småbruk og byggje hus på heimegard- ønskje om enklare prosess for regulering av jord/eigedom.

Tung prosess i dag for å få byggje hus på bygda, fleire mister motet og det går ut over kommunen sitt omdømme.

Ønskje om tilgang til tomteland også for einebustader i dei sentrale delane av kommunen, t.d. Knarvik.

Ønskje om at det skal bli enklare å få byggje hus i kommunen.

Kultur og idrett

Ønskje om fleire møteplassar for ungdom – ein stad å samlast, vid opningstid (også i helgane). Varm plass å vere, kunne henge i fritida.

Ønskje om fleire møteplassar for kulturarrangement – kulturhus – idrett, opne symjehallar for publikum på Ostereidet og Rosslund.

Behov for hallkapasitet og sosialt rom på Ostereidet.

Behov for banekapasitet i Knarvik.

Ønskje om fleire kulturtilbod i Kulturskulen, dans, teater, konsertar. Ønskje om like gode lokale for kulturskulen i den mindre bygdene som dei store.



Etablere ein kulturbuss tilsvarande som bokbussen, som kan reise rundt med kulturframsyningar til barn?

Korleis kan vi få formidla tilbodet til innbyggjarane i kommunen på ein meir oversiktleg måte? Via ein App? Ikkje lett å orientere seg om kva som finst av tilbod i dag.

Ønskje om fleire tilbod om uorganisert aktivitet; skateparkar, sandvolleyballbaner, frisbeegolf.

Kollektivtilbodet og vegstandard

For dårleg busstilbod ute i distrikta, ikkje eit reelt alternativ til bil. Ungdomar avhengige av foreldre for å kome seg på aktivitetar, sosiale treff.

Farlege vegar fleire delar av kommunen og svært dårleg vegstandard på Radøy.

Ønskje om gang- og sykkelveggar også utanom dei mest sentrale strøka.

Ønskje om fortau, gang- sykkelveg til skulane. Fleire skuleveggar er farlege å ferdast på som gåande.

Nærsentra

Viktig å ha fokus på desse, ikkje berre Knarvik senter.

Helse

Behov for tettare samarbeid mellom helse-oppvekst, samsonegruppa.

Framlegg om å etablere førebyggjande rus-team for målgruppa under 18 år.

Ønskje om å koordinere foreldrerettleiing mellom helse-psykiatri-politi og oppvekst.

Behov for å sikre overgang barn-voksen i tenestene.

Kommunen bør etablere funksjon som SLT-koordinator.